

Mange vegar til målet

Sluttrapport

Tiltaksplan 2009-2013

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa



Foto: Nynorsksenteret/kib&morits

Samandrag

Sju stikkord

Norsk = nynorsk + bokmål

Mengdetrening

I mange fag

Bevisstgjering

Tidleg start

Skrive sjølv

Lærarkompetanse

Om tiltaksplanen

Med utgangspunktet i *Tiltaksplan 2009-2013* har Nynorsksenteret gjennomført prosjekt ved sju barnehagar og 32 skular. Det har også vore arbeidd for å betre nynorsktiboda for yrkesfagelevar og minoritetsspråklege, og det har vore samarbeid med UH-sektoren om meir forsking og betre lærarkompetanse. Prosjekta byrja hausten 2009 og vart avslutta i juni 2013. Dei har hatt både hovudmåls- og sidemålsperspektiv.

To stortingsmeldingar ligg til grunn for tiltaksplanen. Den første er *Språk bygger broer* (St.meld. 23 (2007-2008)) frå Kunnskapsdepartementet. Her står det i punkt 4.2.1 at departementet vil styrke nynorsk i opplæringa gjennom ein tiltaksplan knytt til Nynorsksenteret.

Den andre er Kulturdepartementet si språkmelding *Mål og mening* (St.meld. 35 (2007-2008)). Her er språket sin plass i samfunnet omtala, og det blir m.a. peika på kor viktig det er å ta vare på begge dei to norske målformene.

Samla økonomisk ramme for heile prosjektpersonalen har vore 7,5 millionar kroner.

Sluttrapporten

Sluttrapporten «Mange vegar til målet» er ei oppsummering av erfaringane Nynorsksenteret har gjort i gjennomføringa av tiltaksplanen. Den fullstendige versjonen av rapporten er delt i tre:

I del I er det gjort greie for bakgrunnen for planen og for korleis Nynorsksenteret har gjennomført dei ulike tiltaka. Her er det også tatt med oppsummerande oversyn over alle skulane og barnehagane som har vore med heile eller delar av prosjektpersonalen.

I del II er dei viktigaste erfaringane etter tiltaksplanen oppsummerte. Etter ei generell innleiing er det laga eigne oppsummeringar for kvart av dei seks satsingsområda.

Del III inneheld ein detaljert gjennomgang av dei ulike prosjekta, og er tenkt som eit supplerande vedlegg til dei overordna oppsummeringane i del I og II.

Fullstendig versjon (del I-III) er tilgjengeleg på Nynorsksenteret sine nettsider:
www.nynorsksenteret.no

Målsetjingar og tiltak

Tiltaksplanen har hatt mange målgrupper med litt ulike målsetjingar.

For dei yngste har det blitt satsa på utprøvande språkleik og formidling av nynorske tekstar. Målet er at born i barnehage- og småskulealder skal møte nynorsk språk og den nynorske tekstkulturen så tidleg som råd. Det gir eit godt grunnlag for overgangen til den meir formelle språkopplæringa på høgare klassestrinn. Tidleg bevisstgjering om det lokale språket er dessutan viktig for å skape ein trygg språkleg og kulturell identitet.

Å prøve ut skriving i mange sjangrar har stått sentralt også i prosjekta for dei litt eldre elevane. Bokmål dominerer stort på dei aller fleste arenaer utanom skulen, også i område der nynorsk er opplæringsmål. Det er difor ekstra viktig at hovudmåselevane har gode språklege førebilete og får systematisk øving i å skrive fagtekstar. I tillegg må lærarane vite korleis dei skal rettleie på best mogleg måte.

For sidemålselevar på ungdomstrinn og på vidaregående trinn har det blitt gjennomført undervisningsopplegg med bruk av lærebøker på nynorsk i andre fag enn norsk. Dette

har gitt desse elevane verdfull mengdetrening i å lese og skrive sidemålet. Målet har også vore å vise at nynorsk ikkje er eit framandspråk, men eit bruksspråk som kan nyttast på alle fagområde.

«Tidleg start» har blitt prøvd ut i småskulen i nokre område med bokmål som opplæringsmål. Her har elevar heilt frå tredje og fjerde klasse brukt nynorske tekstar i undervisinga. Dei har eksperimentert med skriving og samtalt om skilnadar mellom dei to målformene. Målet er at desse elevane skal få eit utvida grunnlag i lese- og skriveopplæringa. I tillegg er «tidleg start» etter alt å døme ein god vaksine mot seinare fordommar og motvilje mot den meir formelle sidemålsundervisninga dei møter på høgare klassetrinn.

Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn er ei svært samansett gruppe. Nokre av dei med svake norskkunnskapar treng tilpassa opplæring i nynorsk. Det gjeld både i hovudmåls- og sidemålsopplæringa. Her har Nynorsksenteret samarbeidd med andre kompetansemiljø om å utvikle og formidle materiell spesielt for denne målgruppa.

Det finst i dag lite kvalitetssikra dokumentasjon om kva slag nynorskundervising som faktisk går føre seg i klasseromma og kor god ho er. Dette gjeld både sidemåls- og hovudmålsundervising, og det gjeld på alle nivå – frå småskule til lærarutdanning. Ei målsetjing i tiltaksplanen har vore å drive utviklingsarbeid på dette området, i samarbeid med UH-sektoren og lærarutdanningane. Nokre initiativ er tatt, men her er det framleis mykje u gjort FoU-arbeid.

Nokre erfaringar frå prosjekta

1 Barnehage

- *Samtale om språk*: Det er viktig å skape ein kultur i barnehagen for samtale om språk, ord og omgrep. Dette gir grunnlag for god språklæring og styrkt språkleg identitet.
- *Bevisstgjering*: Dei tilsette må vere bevisste om kva slag tekstar som blir brukte. Dei må ha kunnskap og kompetanse om aktuell nynorsk litteratur.
- *Nynorsk er naturleg*: Det må vere naturleg å lese på nynorsk og ikkje berre på dialekt. Dette lettar overgangen til den første lese- skriveopplæringa.

2 Barnetrinn

Nynorsk frå skulestart (i skular med nynorsk som opplæringsmål)

- *Bevisst bruk av kjelder*: Det er viktig å bruke nynorske kjelder i skullearbeidet. Biblioteket må brukast på ein systematisk måte. Lærarane må kjenne til og få tak i god litteratur på nynorsk for den aktuelle aldersgruppa.
- *Metakunnskap*: Samtalar om språk, ord og omgrep gir elevane auka kunnskap om eige språk og styrkt språkleg sjølvtillit.

Tidleg start (i skular med bokmål som opplæringsmål)

- *Kontrastiv undervising*: Lærarstyrt samtale med elevane om nynorsk og bokmål er med på auke medvitnet om ulikskapane – og likskapane - mellom bokmål og nynorsk. Slik undervisning gir godt grunnlag også for læring av hovudmålet.
- *Lærarkompetanse*: Gode lærarar må kunne både nynorsk og bokmål. Dette er viktig for å få til engasjerte og gode samtalar om språk og språkvariasjon i klassane.
- *Både lesing og skriving*: Ein naudsynt føresetnad for å lære «det andre» språket er at ein også må øve på å skrive, ikkje berre lese.
- *Lærebøker og litteratur*: Bruk av lærebøker og andre tekstar på nynorsk stimulerer til variert fagskriving.

3 Ungdomstrinn og vidaregåande trinn

Nynorsk hovudmål: Skriving i alle fag

- *Manglande førebilete*: Fagkjeldene påverkar elevtekstane sterkt. Derfor er det viktig å finne og bruke nynorske kjelder og å arbeide bevisst med ordval og syntaks i dei skriftlege tekstane.
- *Bruk av fagomgrep*: Nynorske fagomgrep er mindre frekvente enn dei tilsvarende bokmålsorda. Derfor er det viktig å arbeide grundig med både uttrykk og innhald. Omgrepa må også brukast aktivt i tale og skrift i klasserommet.
- *Eksterne kjelder*: Samarbeid med eksterne aktørar som viser nynorsk i bruk utanfor klasserommet gir auka bevisstheit om eige skriftspråk.
- *Mindre bokmålspåverknad*: Bevisst arbeid med fagtekstar på nynorsk reduserer andelen bokmålsord i skriftlege arbeid.

Nynorsk sidemål: Lærebøker i andre fag enn norsk

- *Sidemålsbonus:* Lærebøker på nynorsk i eit anna fag enn norsk gir ein bonus i norskfaget. Lærarane opplever stadig færre spørsmål om kva ord på nynorsk tyder, noko som kan tyde på at elevane blir tryggare i nynorsk.
- *Fagleg bonus:* Elevane har lågare terskel for å spørje om kva ulike omgrep betyr på nynorsk. Å lære sentrale omgrep i to språkvariantar fører også til betre forståing av kva som ligg i omgrepa.
- *Avmystifisering og mindre fordommar:* Når nynorsk får funksjon som bruksspråk i klassen, normaliserer dette elevane sitt forhold til denne målforma. Dette gir mindre fordommar og ei meir positiv innstilling. Elevane opplever det også som positivt at dei kan arbeide med nynorsk utan at raudepennen er framme heile tida.
- *Bonus for nynorskelevar:* Nokre få elevar i ei av prosjektkommunane har hatt nynorsk som hovudmål. Lærebokprosjektet har støttat deira minoritetsposisjon og styrkt deira språklege sjølvstilling og identitet.

4 Læringsressursar og dokumentasjon

I løpet av prosjektperioden har det blitt utvikla mange læringsressursar for dei ulike målgruppene. Desse er tilgjengelege på nynorsksenteret sine nettsider:

www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen

Ein del artiklar, rapportar og filmar med utgangspunkt i tiltaksplanen er samla her:

www.nynorsksenteret.no/nyn/forsking-og-utvikling

Oversikt over samarbeidsprosjekt 2009-2013:

www.nynorsksenteret.no/nyn/forsking-og-utvikling/samarbeidsprosjekt

Vidare satsing

Konklusjonane etter arbeidet med tiltaksplanen er i godt samsvar med erfaringane frå tidlegare utprøving av ulike typar nynorskundervising. Mange av prosjekta har dessutan vore tufta på prinsipp i Kunnskapsløftet og som har blitt forsterka i den siste revisjonen av læreplanen for norskfaget. Denne planen er eit godt grunnlag for moderne nynorskundervisning – både for elevar med nynorsk som opplæringsmål og for dei som har bokmål.

Nokre utvalde poeng:

Norsk = nynorsk + bokmål

Framtidas nynorskundervising må ta utgangspunkt i eit fleirspråksperspektiv. Nynorsk er ein sentral del av den fleirspråklege kulturen i Noreg og er ein sjølvsagd del av skulefaget norsk. Nynorsk er formelt likestilt med bokmål, bruken er regulert i lover og forskrifter og det er førstespråket til mange hundre tusen nordmenn. Alle som har ein eller annan variant av norsk som morsmål forstår skriftleg nynorsk og nynorsknær tale. Nynorsk må difor ikkje skiljast ut som eit eige «fag» og undervisast i som eit framandspråk, slik det blir gjort i nokre bokmålsområde.

Mengdetrenings og avmystifisering

Det er eit problem for mindretalsspråket nynorsk at bokmålet dominerer så totalt på dei fleste offentlege arenaer. Dette gjeld både i nynorsk- og bokmålsområde. Det må difor leggast til rette for at born og ungdom får sjå og høre mest mogleg nynorsk tekst og tale så tidleg som råd i så mange ulike samanhengar som råd. Nynorske fagtekstar og nynorske læringsressursar bør brukast bevisst heilt frå småskulen. For elevar med bokmål som opplæringsmål kan det også skje ved å bruke lærebøker på nynorsk i eitt eller fleire fag. Dette gir elevane gode førebilete og naudsynt mengdetrenings. Det er også med på å vise at nynorsk er eit funksjonelt bruksspråk.

Bevisstgjering og metakunnskap

I skulen og barnehagen må det skapast rom for språkleg refleksjon der den norske språksituasjonen med mange dialektar og to offisielle variantar av norsk skriftspråk blir tematisert og diskutert. Lærarar og elevar i nynorskområde må kjenne til dei spesielle utfordringane dei møter som ein (skrift)språkleg minoritet. Dette krev bevisstheit og ein eigen nynorsktipassa metodikk i arbeidet med tekstar i alle sjangrar. Lærarar og barnehagertilsette må også vere kritiske i val av bøker og andre læremiddel. For den som veit kvar ein skal leite, finst det gode nynorske alternativ for alle målgrupper. Men utvalet er totalt sett for lite og for vanskeleg tilgjengeleg. Det bør difor vere eit mål å få til ordningar som stimulerer til eit større utval av nynorskbøker i alle sjangrar.

Tidleg start og skrive sjølv

Tidleg start er smart. Det gjeld mange emne i skulen, ikkje minst språk. Dei yngste er nysgjerrige og fordomsfrie, og dei har stor språkkompetanse. Mange born har t.d. foreldre, slektingar, klassekameratar eller grannar som snakkar ulike dialektar eller andre språk. Tidleg start med nynorsk i bokmålsområde gir metakunnskap og bevisstheit om eige språk, og det gir godt grunnlag for seinare formell sidemålsundervisning. Erfaringane frå «tidleg start»-prosjekta i tiltaksplanen støttar

tidlegare forsking om språklæring: For å få effektiv læring må elevane skrive sjølve. Berre munnleg tilnærming er ikkje nok.

Lærarkompetanse

Til slutt – ein naudsynt føresetnad for å få til god nynorskundervisning: Kompetente lærarar. Mange av dagens lærarar i Noreg – på alle nivå - har truleg altfor dårlig kompetanse både i å skrive nynorsk sjølve og i å gi moderne og motiverande undervising.

Vi veit for lite om kva slag nynorskundervising som faktisk blir praktisert rundt om i norske klasserom. Det verserer mange påstandar og mytar, men seriøse, landsdekkande oversyn manglar. Dette bør ein få.

Vi veit også lite om nynorskperspektiva i dagens norske lærarutdanning – både for etter- og vidareutdanningstilboda og i grunnutdanningane. Status for dei om lag 25 utdanningsinstitusjonane er ikkje kartlagt, men det er etter alt å døme store skilnader mellom lærerstadane. Også eit slikt oversyn bør lagast som grunnlag for eit systematisk, landsdekkande løft.

Volda, 6.9.2013
Torgeir Dimmen
Leiar, Nynorsksenteret